Høgskolen i Hedmark

Studieplan 2013/2014

Norsk 2 (GLU 1-7)

Studiepoeng: 30

Studiets varighet, omfang og nivå

Studiet er eit deltidsstudium som består av eit emne, på 30 studiepoeng. Studiet går over 2 semester.

Innledning

I norsk 2 skal studentane få ei utvida, forskningsbasert innsikt i norsk språk- og tekstkunnskap og fagdidaktikk; dei skal arbeide meir med dei grunnleggande ferdigheitene og med eit brett spekter av arbeidsmåtar, slik at dei skal få ei djupare forståing av samanhengen mellom fag, fagdidaktikk og praksis.

Læringsutbytte

Sjå nærare skildring i emneplanane.

Målgruppe

Lærarar som ynskjer økt kompetanse i norsk for 1.-7. trinn i grunnskulen.

Kompetanse

Studenten skal gjennom studiet kvalifisere seg for å undervise i norsk for 1.-7. trinn i grunnskulen.

Opptakskrav

Fullført 3 årig lærarutdanning og Norsk 1 eller GLSM 30 sp.

Undervisnings- og læringsformer

Sjå nærare skildring i emneplanane.

Vurderingsformer

Sjå nærare skildring i emneplanane.

Internasjonalisering

Studiet har eit internasjonalt perspektiv i kraft av fagleg innhald.

Studiets innhold, oppbygging og organisering

Sjå nærare skildring i emneplanane.

Studiet er ordinært en del av grunnskolelærarutdanninga hvor praksis er ein integrert del av studiet. Studentane på videreutdanning vil imidlertid ikkje ha praksis eller utveksling som ein del av dette studiet.

Emnetabell

Emner

Studiepoeng År 1

- **Norsk 2 i GLU 1-7**

  30 studiepoeng Haust Vår

Emneoversikt

2NK171-3 Norsk 2 i GLU 1-7

Emnekode: 2NK171-3

Studiepoeng: 30

Språk

Norsk

Forkunnskaper

Norsk 1 for GLU 1.-7.trinn eller tilsvarande må være fullført og bestått.

Læringsutbytte

I norsk 2 skal studentane få ei utvida, forskingsbasert innsikt i norsk språk- og tekstkunnskap og fagdidaktikk, også i eit andrespråksperspektiv; dei skal arbeide meir med dei grunnleggande ferdigheitene og med eit breitt spekter av arbeidsmåtar, slik at dei skal få ei djupare forståing av samanhengen mellom fag, fagdidaktikk og praksis.

Kunnskapar

Studenten

- har kunnskapar om norsk språksystem, også i eit kontrastivt perspektiv
- har kunnskapar om andrespråkslæring og fleirspråklegheit
- har kunnskapar om kva som kjenneteiknar språkleg kommunikasjon i ulike medium
- har kunnskapar om språklege endringsprosessar i fortid og samtid, om normeringsspørsmål i moderne norsk og om sentrale kjenneteikn ved norske talemålsvarietetar
- har utvida kunnskapar om munnlege og skriftlege sjangrar
- har kjennskap til teoriar om samansette tekstar på papir og skjerm.
- har utvida kunnskapar om litteratur for barn i fortid og samtid, i ulike sjangrar og medium, og noko kunnskapar om ungdomslitteratur
- har kunnskap om remediering av barnelitterære tekstar
- har inngåande kjennskap til teoriar om lesing og skriving, særleg knytt til den andre lese- og skriveopplæringa
- har innsikt i korleis elevar frå 1. til 7. trinn utviklar kunnskapar om munnlege og skriftlege sjangrar og kan nytte dei i eige tekstarbeid
- har kunnskapar om kva for funksjonar lesing og skriving har hatt og har i kulturen vår

Ferdigheiter

Studenten

- kan organisere og drive tilpassa lese- og skriveopplæring for 1. til 7. trinn etter fagleg grunngjevne prinsipp, også for elevar med norsk som andrespråk
- kan bruke språk- og tekstkunnskap aktivt i rettleiing av elevar i lese- og skriveprosessen
- kan rettleie i arbeidet med tekstar slik at elevane kan utvikle seg sjølve, skaffe seg kunnskapar og førebu seg for aktiv deltaking i offentlege rom og samfunnet som eit heile
- kan vurdere og reflektere omkring ulike slags prøver i lesing og skriving og nytte resultatet av dei til fagleg utvikling for elevane
- kan leggje til rette for den munnlege språkutviklinga til elevane
- kan analysere, tolke og vurdere skjønnlitterære tekstar for barn og ungdom og setje dei inn i ein større kulturell og historisk samanheng
- kan lese, analysere, tolke og vurdere samansette tekstar, digitale og trykte, og setje dei inn i ein større kulturell og offentleg samanheng

Generell kompetanse

Studenten

- er sikker munnleg språkbrukar og stø i skriftleg bokmål og nynorsk og har kompetanse i skriving av fagtekstar
- kan vurdere eigen praksis som norsklærar og grunngje vurderingane
- har innsikt i norskfagets breidd og samanhengar og kan reflektere kritisk og konstruktivt
- har eit medvite forhold til korleis samtalen mellom lærar og elevar, og samtalen elevane imellom, kan fungere som reiskap for læring

Innhold

- Språklege emne
  - språk som system: morfologi og syntaks i norsk og kontrastivt perspektiv
  - fleirspråklegheit i teori og praksis
  - språkendring og talemålsvariasjon. Geografisk, sosial og etnisk variasjon.
  - språknormeringsspørsmål i moderne norsk
  - språk i ulike medium og ulike sjangrar
- Tekstlege emne
  - munnlege og skriftlege sjangrar
  - hypertekst og samansette tekstar
  - tekstar for barn og unge i ulike sjangrar og medium
  - eit historisk perspektiv på barne- og ungdomslitteratur
  - norsk litteratur og litteraturdidaktikk i fleirspråkleg perspektiv
  - medial adaptasjon
- Lesing
  - elevanes munnlege ferdigheiter
  - vidaregåande leseopplæring. Motivasjon og lesestrategiar
  - leseopplæring for fleirspråklege elevar
  - vurdering av leseferdigheiter
  - lese- og skrivevanskar. Kartleggjing, årsaker, førebyggjing, avhjelping
  - lesing i ulike fag
  - lesing av digitale og andre samansette tekstar
- Skriving
  - vidaregåande skriveopplæring. Skriveprosessar, skrivesituasjonar. Utvikling av elevens

sjangerkunnskap.
- skriveopplæring for fleirspråklege elevar
- vurdering av skriveferdigheiter
- elevtekstanalyse og responsarbeid
- skriving i ulike fag
- skriving og skriveopplæring med digitale verktøy

Organisering og arbeidsformer

Faget er delt inn i fire hovuddelar: språklege emne, tekstlege emne, lesing og skriving, som vil gå parallelt gjennom året. Det vil bli lagt opp til individuelt arbeid, arbeid i grupper, seminar (evt. nettseminar) og førelesingar. Det vil bli gitt rettleiing på skriftlege oppgåver, som studentane kan arbeide vidare med før innlevering av eksamensarbeidet (sjå pkt 12).

Det nettbaserte studiestøttesystemet Fronter vert nytta i undervisninga. Faget vil vere tilpassa studentar både frå campus-baserte og samlingsbaserte studium.

Praksis

Praksis er ein integrert del av fagstudiet. Arbeidet med faget og praksis er knytt saman mellom anna gjennom praktiske oppgåver som studentane skal førebu på høgskolen og gjennomføre i praksisperioden. Dessutan skal studentane sine erfaringar frå praksis vere gjenstand for etterarbeid og fagdidaktisk refleksjon på seminardagar på høgskolen og i trepartsamtalar med studentar, praksislærarar og faglærarar.

I løpet av dei to praksisperiodane skal studentane:

- Planleggje, gjennomføre og vurdere eit undervisningsopplegg i lesing, inkludert individuell rettleiing av elevar i denne lesinga
- Planleggje, gjennomføre og vurdere eit undervisningsopplegg i skriving, inkludert gje tilbakemelding på skriftlege tekstutkast frå elevar
- Om muleg, arbeide individuelt med ein eller fleire minoritetsspråklege elevar i lese- og skriveopplæring.
- Innhente ein elevtekst.

Vi viser til gjeldande *Plan for praksisopplæring* for detaljert informasjon om fokusområde og innhald i praksisperiodane. For studenten skal undervisningsfaga, pedagogikk og elevkunnskap og praksis utgjere ein heilskap. *Plan for praksisopplæring* og fagplanane supplerer kvarandre.

Studentar som har internasjonalt opphald

Det vil bli gjort naudsynte tilpassingar i fagplanen for studentar som har internasjonalt opphald ved ein av høgskolen sine samarbeidspartnarar i utlandet i vårsemesteret. Studentane vil kunne få individuelt tilpassa arbeidskrav.

Obligatoriske krav som må være godkjent før man kan avlegge eksamen

- Obligatorisk frammøte til undervisninga i samsvar med undervisningsplanen.

- Inntil 4 individuelle skriftlege oppgåver med refleksjonsskriv, spesifiserte i undervisningsplanen, skal vere innleverte og godkjende. Oppgåvene skal vere fordelte på begge målformer.
- Éi skriftleg gruppeoppgåve med refleksjonsskriv skal vere innlevert og godkjend. Det er ikkje krav til målform.
- Korte faglege innspel knytte til emne i pensum eller medstudentar si skriving, spesifiserte i undervisningsplanen, skal vere utførte.

Vurderingsordning

Det er to element i den avsluttande vurderinga: ei samling individuelle skriftlege tekstar og ein individuell munnleg eksamen.

Tekstsamlinga skal innehalde:

- To individuelle skriftlege oppgåver som studenten vel frå dei individuelle oppgåvene studenten har skrive som arbeidskrav (jf punkt 9 og 11). Éin tekst må vere på bokmål og éin på nynorsk.
- Eitt refleksjonsskriv (valfri målform)

Tekstane vert vurderte samla med gradert bokstavkarakter frå A til F, der E er lågaste ståkarakter.

Munnleg eksamen
Etter tekstsamlinga er vurdert og har fått ein gradert karakter som er til bestått, blir det gjennomført ein munnleg eksamen der studenten kan få spørsmål i alle delar av pensum.

Den munnlege eksamen må vere til bestått. Når den er til bestått, vil den kunne justere den gitte karakteren på tekstsamlinga inntil eitt trinn opp eller ned.

Ansvarlig avdeling

Avdeling for lærerutdanning og naturvitenskap